

19 JAN 2017

E-39 HORDALAND, STORD - BERGEN

TIL FYLKESORDFØRAR I HORDALAND OG ORDFØRAREN PÅ STORD, FITJAR, TYSNES, OS OG FUSA.

Denne meiningsytringa om framtid E-39 mellom Stord og Bergen kjem noko seint, men bør likevel takast med i sluttvurderinga.

Første del «vett og uvett» er ei lita oppsummering av det som har foregått til no. Saka har mange sider i det som må vera det største vegbyggingsprosjektet nokon gong i Hordaland. Etter intense drøftingar valde politikarane eit alternativ med veg frå Stord over Tysnes og Reksteren, med ei uhørveleg svær bru frå Reksteren til Os. Det har vore mange vanskelege spørsmål, knytt til miljøtekniske forhold og ikkje minst prosjektet.

Men regjeringa fekk fleirtal i Stortinget for at brua skal byggjast. Alt dette kan samanfattast som ei blanding av «vett og uvett».

Det er inga skam å snu.

Eit vesentleg moment for øvrig, vurdering om saka skal takast oppatt, har å gjera med den påtenkte kommunereforma, der Os og Fusa blir ein kommune. Tett samband mellom kommunane er viktig for at me får ei god framtid. Det var noko av bakgrunnen for tanken om flytebruplanen frå Venjaneset til Hatvik. Denne skrivaren publiserte forslag om dette i Os & FusaPosten.

Forfattaren har t.d. hevd i eit innspel/tanke, om flytebru Venjaneset – Hatvik i Os & FusaPosten. Dette tok dåverande ordførar i Os Terje Søviknes opp med Helge Njåstad, stortingsrepresentant for Frp, leiar i Stortinget sin samferdselskomité. Det gjekk fram av samtalene i følgje referatet i Os & FusaPosten at flytebruprosjektet kunne rekna med såkalla ferjeavløysingsmidlar. Det ville verta eit vesentleg tillegg til finansieringa av flytebrua.

Det er inga skam å snu.

Det opphavelege forslaget - Fusa-alternativet – bør vurderast på nytt med bakgrunn i nye kunnskapar og røynsle i vegbygging. Frå Børtveit på Stord til Hodnanes på Tysnes. Vidare med ny bru over Lukksund og vegen like fram Hamnaneset (Engevik).

Bru over fjorden – om lag 500 m til området Haugen/Skoltane, vidare med veg til Sævareid, koplast på tunnel/veg vidare til Ljotå	650 m
Tunnel gjennom Håvikamulen	2 800 m
Veg i dagen i Håvik, mogeleg med av- og påkjøring veg der òg	500 m
Tunnel Håvik – Øpstад	3 500 m
Veg/tunnel under Oppsalbygda til Venjanesområdet	2 600 m
Flytebru med høgdel frå Venjaneset – Halvorskallen	3 800 m
Flytebru Halvorskallen - Bjånes/Hatvik	2 000 m
Veg/tunnel Hatvik/Bjånes – Lyseparken	6 500 m

Tilleggsforslag:

På Øpstad må det leggjast til rette for avkjøring til Eikelandsosen.

Dei talstorleikane som er brukte i framstillinga er omtrentlege. Alle tekniske tiltak bygger på kjend kunnskap. Mykje her endrar seg under vegs, m.a. synet på miljøforhold. Pengebruken er ein viktig faktor som må vega tungt i ei ny vurdering.

Konklusjon:

Etter skrivaren sitt skjønn bør det – med bakgrunn i den faktainformasjonen som er bruk i denne framstillinga - vera sterke grunnar til å gjennomføra ei ny vurdering av eit revidert Fusa-alternativ av E-39.




Fusa, Venjaneset 2017

Knut Skåtun

Kopiar til presse og NRK

P.S. Innlegget skulle ha kome før, men p.g.a. helsesvikt har det ikkje blitt sendt ut.



FORSLAG TIL NY TRASEE
STORD-BERGEN

Fusa, januar 2017
Knut Skåtun